

Auka reirrøving – rev og mår tek egga

Torfinn Jahren, Pål F. Moa, Bjørn Roar Hagen og Torstein Storaas

Høgskulane i Hedmark og Nord-Trøndelag

Når me samanliknar undersøkingar av skogsfuglreir gjennom tidene ser me at røvinga av skogsfuglreir auka i laupet av 1970-talet. Frå 2009 til 2012 har over 70 % av skogsfuglreira me har registreret i Hedmark og Nord-Trøndelag vorte røva. Verst var 2012 i Hedmark då rovdyr tok nesten alle reira. Heldigvis var det betre i 2013. Rev og mår røva mest, dei tok om lag 40 % kvar. Pattedyr tok til saman 85 % og fugl berre 15 % av dei røva reira. Me trur at auka eggrøving heng saman med auka reve- og mårbestandar. Reve- og mårbestandane kan ha auka av mange grunnar. Ein kan vera mindre jakt. Før kunne eit skinn gje ei vekes- eller månadsløn. Me lurar på kor mange av lesarane som ville sitja ved sine kontorplatar om dei fekk ei månadsløn for eit skinn? Me ser korleis rev og mår tek skogsfuglreir. Mange ornitologar i heile Europa ser korleis rev tek reira til bakkehekkarar. Ei vanskeleg forskingsoppgåve framover er å finna ut korleis mennesket kan driva si verksemd utan å fremja reve- og mårbestandane. Som forskarar registrerer me nøytralt at rev og mår røvar reira. Som vaksne karar merkar me at magefeittet veks framfor TV-en når me ikkje vil i skogen og skyta dei siste fuglane. Kanskje det kan verta ei samfunnsoppgåve å halda nede bestandane av rev og mår for å fremja reiroverlevinga til bakkehekkarar og helsa til vaksne karar?

Om å måla reirrøving

Å måla kor mange prosent reir som vert røva burde vera lett. Finn me 100 reir og 40 vert røva, då er det opplagt 40 % røving. Men so enkelt er det ikkje. Om eit reir vert funne under egglegging og klekker, kan det ha klart seg i ein månad. Finn me reiret dagen før klekking, vil det vera observert i berre ein dag. Veldig mange reir kan vera røva før me finn dei, og utan høne eller eggskal i reira, finn me dei ikkje. For å få eit rett uttrykk for reirrøvinga, må me ta omsyn til kor mange dagar kvart einaste reir vert observert. Me må rekna ut dagleg overleving og ganga dagleg overleving med seg sjølv so mange gonger som dagar i rugetida. Denne utrekna røvinga er mykje rettare enn det me observerer direkte. Velfødde hofuglar i god kondisjon kan enkelte år leggja nye egg i nye reir dersom det fyrste vert røva tidleg i rugetida. Dette kan nokre år kompensera noko for røvinga.

Auka eggrøving

Det finst i alt 18 og 10 undersøkingar av reirrøving hjå storfugl og orrfugl. Den eldste undersøkinga var av 6 storfuglreir i 1934. Den nyaste undersøkinga er av våre 197 storfugl og 60 orrfuglreir frå 2009 til 2012 i Hedmark og Nord-Trøndelag. Våre data for 2013 vil koma i andre samanhengar seinare. Dei aller fleste reira i alle undersøkingane er funne av skogsarbeidarar, fuglehundfolk, jegerar og turgåarar som har rapportert reira til forskarane. Sidan dei fleste reira er funne på same vis, kan tala samanliknast. Når me puttar tala inn i datamaskina, får me fram at det har vore ein statistisk sikker auke av røvinga over tid for både storfugl og orrfugl. Me får ein auke over tid om me ser på alle undersøkingane frå alle land, men me får ogso ein sikker auke om me berre ser på Noreg. Eggrøvinga har auka, auken skjedde hovudsakleg i laupet av 1970-talet. Når me reknar ut den reelle predasjonen basert på kor mange dagar me har observert reira, har predasjonen i Hedmark og Nord-Trøndelag 2009 - 2013 vore høgare enn 70%! Tapet har variert mellom rundt halvparten til om lag alle i mellom område og år. Me kan undrast på om det er høgare røving av reira me finn, enn på dei

reira me ikkje finn. Men då Per Wegge og medarbeidarar måla like høg reirringa på 1980-talet på Varaldskogen på reir til radiomerka røyer utan viltkamera, er det rimeleg å tru at reirringa me har målt er rett.

Eggrøvarane

Raudrev og mår er fantastisk flotte dyr som det er gildt å sjå i naturen. Når me ser kor mange skogsfuglreir dei røvar, tenkjer kanskje småviltjegerar at revane og mårane kunne vore endå flottare om dei var sjeldnare. Til og med 2012 har me med viltkamera fått 59 bilete av rovdyr som røvar reir. Dei fleste bileta er av raudrev og mår. Dei er dei absolutt viktigaste reirringane. Nokre år har reven teke flest reir i eitt fylke, andre år mår. Alt i alt har dei teke om lag like stor del av reira. Grevling har teke nokre reir, laushundar eitt. Små pattedyr tok 85 %, fugl har teke berre 15 % av reira. Me undrast på kvifor me ikkje fekk bilete av røyskattar eller fleire av nøtteskrike. Kanskje dei er for små eller raske til å verta registrerte av utløysarsensoren på kameraet? Sumaren 2013 brukte me difor kamera som tok bilete med faste intervall. Då skulle me fått bilete ogso av spøkelse som ikkje påverka den infraraude sensoren – om då spøkelse røva reir. Men nei, ikkje spøkelse, røyskatt eller fleire fuglar no heller. Me føler oss sikre på at raudrev og mår er dei viktige røvarane.

Fleire revar og mårar

Me har prøvd å tenkja oss fram til kvifor reirringa frå raudrev og mår har auka frå før til etter 1970-talet. Frå arbeidet på Varaldskogen veit me at rovdyr vanlegvis ikkje leitar etter reir. Det er so få reir i skogen at rovdyra ville svelta i hel om dei satsa tida på å leita etter reir. Dei leitar etter det dei finn mest av, om det no er smånagarar eller kadaver. Når dei tilfeldigvis snublar over rugande høne, freistar dei ta både hofugl og egg. Som regel må dei klara seg med egg. Når no raudrev og mår finn fleire reir, kan det ikkje vera fordi dei leitar meir etter reir eller har vorte flinkare å leita. Dei finn truleg fleire reir fordi det har vorte fleire revar og mårar som gjennom søker større delar av terrenget.

Det er vanskeleg å telja raudrev og mår. Jaktstatistikkane gjev heller ikkje sikre bevis for bestandsstorleik. Fellingsstatistikk har ofte samband med bestandsstorleik, men er ogso svært avhengig av jaktinnsatsen. Dei fleste av lesarane har truleg lese eller fått fortalt om dei skyhøge skinnprisane før og under krigen. Intens jakt utrydda mår over store delar av landet og han vart freda i 1930. Den eldste forfattaren hugsar snakket rundt fyrste mårsporet *han* såg i Hardanger. Fyrst i 1971 var mår so vanleg at det atter vart opna for jakt. Opning for jakt i ein periode med fokus på vern, tyder på sterkt auka mårbestand.

Raudreven er vanskelegare. Ved forarbeida til *Lov om Udrydding af Rovdyr og om Freding af Andet Vildt* i 1845 vart reven rekna som nyttevilt, sjølv om han gjorde skade, fordi han hadde slik verdifull pels. Me har samanlikna gjennomsnittsprisane på raudrevskinn ved Oslo skinnauksjonar med gjennomsnittsinntektene til arbeidsfolk frå den fyrste reirundersøkinga i 1934 og fram til i dag. Fram til etter krigen varierte prisen på eit gjennomsnittsreveskinn mellom ei vekesløn til over ei månadsløn. Dei finaste skinna var langt meir verdt og her var eit lotto-element: ein fekk vita prisen fyrst då skinnen vart selt. Mange kunne satsa på jakt i von om høg pris ogso i år med låg pris. I dag tykkjer mange at revepelsen er mindre verdt enn arbeidet med pelsinga og kastar daud rev uflådd. Når fellingsstatistikkane til Statistisk sentralbyrå seier at me skyt lite rev, tyder ikkje det på lite rev.

Rev drep mårungar. Då reveskabben herja, gjekk talet på fanga mårar opp. Etter ei tid tilpassa rev og skabb seg til kvarandre att. Mårfangsten gjekk atter ned. Men talet på felte revar gjekk ikkje opp til tidlegare høgder. Me tolkar det slik at etter reveskabben har revebestanden auka til nye høgder, jegerane er berre ikkje like ivrige etter revejakt som då revepelsen var vekesløner verdt.

Samstundes som at revejegerane har mist den økonomiske drivkrafta, har truleg levekåra for raudreven betra seg. Det er publisert vitskaplege arbeid som hevdar at slakteavfall og kadaver frå auka storviltbestandar har ført til auka revebestandar. Andre hevdar at revebestandane har hatt føremoner av fleire hogstflater med mykje markmus. Meir forskning er heilt naudsynt for å forstå reven.

Ogso andre bakkehekkarar

Interessant er at mange fugleforskarar i heile Europa registrerer at reven tek veldig mange av reira til bakkehekkande fuglar. På Øland vart ovmange vade- og sjøfuglreir røva. Dei skulda på reven, fanga rev, men det var like gale som før og dei avskreiv reven som syndar. Då kom reveskabben. Reira overlevde! Læra er at det er vanskeleg å senka revebestanden og at i alle høve på Øland må ein vera effektiv som skabb for å få ein effekt for fuglane. Å fella raudrev har vidare vist seg å vera lurt om ein vil ta vare på fjellrev. Auka revebestandar tykkjest vera ein trussel for mange arter. Spørsmålet er om naturen skal tilpassa seg slik naturen har vorte med vår noverande bruk, eller skal ein gripa aktivt inn slik ein gjer for å bevare fjellrev.

Framtida

Reven er lur og held på med sitt utan at folk veit so mykje om det. Ingen har vilja betala nok til at me har kunna få ordentleg kunnskap om korleis revebestandane kan haldast på eit nivå som før krigen gjennom å endra vår naturbruk eller ved tiltak. Om ein rik rypejeger skulle koma til å lesa dette, ville ho kunna gjera mykje for norsk småviltforvaltning om ho bidrog til større reveprosjekt. Ein rik mann kunne ogso kome vel med! NJFF kan ogso heia fram reveforskning. Organisasjonen og Jakt & Fiske gjer alt mykje ved å fokusera på gullrevar og sportsjakt på rev. Utfordringa er at me trur ein del, men veit mindre. Det er nesten like uvisst som religion. Me treng meir kunnskap! Kor mange revar er der, kor stor del vert felt ved jakt, kor langt spreier dei seg, kva verknad har dei i systemet, og under kva vilkår spelar dei ein stor rolle. Mange spørsmål.

Med meir kunnskap kunne me ogso kanskje heva reveutfordringa til noko felles for ornitologar og jegerar som alle er opptekne av lagnaden til bakkehekkarane sine reir. Når den vesle bendelormen spreier seg med rev frå Sverige med fare for smitting gjennom blåbær til folk i Noreg, vert kanskje ogso Bent Høie og Helsedepartementet ein medspelar. Helsedepartementet burde ogso vera oppteke av at gode småviltbestandar dreg mange av oss vaksne karar bort frå ølboksen og magefeittlagringa ved TV-en og ut i skogen. Helseministeren bør slå seg saman med den rike rypejegeren og miljøvernministeren for å skaffa kjempefinansiering til reveforskning!

Uavhengig av større reveforskningsprosjekt vil me undersøkje røving av skogshønsreir fram til vår siste feltsesong våren 2015. Me treng innrapporterte skogsfuglreir. Me har diverre fått rapportert få liryperreir. Me vil vera veldig takksame for meldingar om liryperreir, men ogso om dei andre artene.

Takk!

Vårt arbeid har vore heilt avhengig av at folk som finn reir rapporterer dei til oss ved høgskulane i Hedmark og Nord-Trøndelag. Me har fått flest meldingar om reir frå folk som arbeider i skogen, men ogso frå mange andre som har vore ute. I Hedmark har nokre med veldresserte fuglehundar og dispensasjon frå bandtvangsreglane og løyve frå grunneigarane funne reir til oss. Tusen takk til dykk alle. Me vert veldig glade for å få meldingar om reir ogso i 2014 og 2015 (Torfinn i Hedmark, Pål og Bjørn Roar i Nord-Trøndelag). **Feltarbeidet fram til og med 2011 vart finansiert av Gotaasfondet administrert av Oslo Jeger og Fiskerforening. I 2012 og 2013 vart arbeidet gjennomført ved hjelp av økonomisk stønad frå Viltfondet sentralt, Hedmark fylkeskommune og høgskulane våre. Takk til alle våre velgjerarar!**